

*Aldri før har så få
produsert så mykje for så lite*



BONDE- TINGET

TEATER VESTLAND OG
TURNÉTEATRET I TRØNDELAG

KJÆRE PUBLIKUM

Bondetinget er ei dokumentarteaterframsyning om norsk landbrukspolitikk dei siste hundre åra. I byrjinga kalla eg framsyninga ein «true crime». Og sjølv om dette ikkje er ein klassisk krim frå verkelegheita, har regissør Torkil Sandsund gjort det eg vil kalle eit stort detektivarbeid. Allereie i 2014 byrja arbeidet med det som har blitt til Bondetinget.

Titusenvís av sider, med mellom anna, stortingsmeldingar, talar, bøker og intervju med kjende landbrukspolitiske tenkarar, bønder som framleis står i næringa og som har gått ut av den, har blitt destillert til manuset for denne to timer lange framsyninga. Torkil Sandsund inviterer oss til å sjå bakover for at vi framover kan ta andre og betre val for bygdene våre.

I Sandsund si stramme regi, tek skodespelar Kyrre Eikås Ottersen oss med på ei reise som byr på store tankar, viktige detaljar og ei innsikt i eit politisk spel om Noregs bønder! Bondetinget skildrar nokre av dei største omveltingane og strukturendringane i bygdesamfunna våre og er ein historietime i teateret som gjer det mogleg å sjå korleis dei lange linjene trekt opp av Einar Gerhardsen

og dei som bygde landet framleis påverkar bygdesamfunna våre i dag. Sandsund visar fram den tapande part - spørsmålet er om ikkje det er vi som samfunn som heilheit som ber det største tapet?

Då denne framsyninga hadde premiere, skreiv eg i programteksten at eg ikkje trur at ei enkelt teaterframsyning kan endre verda. Men at ho kan gje oss nye perspektiv, utfordre tankar og skape rom til å sjå oss sjølve og verda på ein ny måte. Men når eg ser den slagkrafta Bondetinget allereie har hatt trur eg kanskje at eg tok feil.

Så langt har Bondetinget spelt mellom anna i Vestland, Møre og Romsdal og no har tida kome for å legge ut på vegane i Trøndelag. Eg takkar Turnéteatret for godt samarbeid og ønskjer god tur på reisa!



Cecilie Grydeland Lundsholt
Teatersjef
Teater Vestland

Bondetinget ble til ved Teater Vestland i 2021, og allerede mens den turnerte i vestnorske bygder kom det henvendelser til oss på Turnéteatret; kan forestillinga spilles også i Trøndelag?

Interessen for historiefortelling om norsk landbruk er naturlig nok stor i en region som Trøndelag, men den berører ikke bare dem som driver eget bruk. Hva vi setter på middagsbordet henger sammen med hva vi finner i butikken, og det som ligger i norske butikkhyller er nært knyttet til hvordan det norske landbruket fungerer. Når verden endrer seg, og forbindelseslinjene for eksport av matvarer er i spill, tvinges vi til å se oss selv i verden på nye måter. Og det tvinger oss kanskje også til å se inn i norsk landbruk på nye måter. Denne forestillinga

er viktig fordi den gir perspektiver på hvordan samfunnet vårt er bygd, for det som skjer i landbruket ligger nærmere alles hverdag enn vi kanskje tror.

Vi ønsker Teater Vestland velkommen til Trøndelag, og håper forestillinga Bondetinget vil bidra til gode debatter, økt innsikt og først og fremst en god teateropplevelse!



Velkommen på teater!

Nora Evensen
Teatersjef
Turnéteatret i Trøndelag


Publikumstjenesten
Bondetinget



23g049236

Bondetinget er landbrukshistoria
fortalt frå taparane si side.

Foto: Espen Nytrånes



BONDETINGET

- aldri før har så få produsert så mykje for så lite

I 2021 feira Norges Bondelag 125 år i teneste for den frie, norske bonden. Landbruket har vore i ei rivande utvikling. No produserer knapt 36.000 bønder meir mat, og det billigare, enn 350.000 bønder gjorde etter krigen. Aldri før har så få produsert så mykje for så lite.

Noko er stole frå dei norske distrikta. Konsekvensane er utarma bygder, nedlagde gardar, utdøyande bygdesamfunn og eit raseri som feiar over landet vårt i val- og jubileumsåret 2021. Vil bygdene våre overleve?

Framsyninga «Bondetinget» i regi av Torkil Sandsund er ei undersøking og eit djupdykk i historia med fokus på dei dramatiske 1970-åra. Vi samlast til bondeting for å granske

paradoksa mellom uttalt landbrukspolitikk og dei faktiske resultatane.

Stykket er i hovudsak basert på samtalar med Helge Bergo, samt bøkene hans «Norsk jordbruk – ei økonomisk slagmark» (Samlaget) og «Avviklinga av den norske bonden» (Vestlandsforlaget). Gjennom iscenesette samtalar, talar og historiske møte tek skodespelar Kyrre Eikås Ottersen oss innom mellom anna Øksnesutvalet, Hitraopprøret og opptrappingsvedtaket. Han gestaltar ei heil rekke personar - på dialekt - deriblant Jan E. Mellbye, Einar Gerhardsen og Helge Bergo, som er ein gjennomgåande karakter i stykket.

Framsyninga varer i ca. 2 timar inkl. pause.

Kunstnarleg lag

Regissør

TORKIL SANDSUND

Dramaturg

ASLAK MOE

Lysdesignar

KRYSTIAN MYSKA

Virtuelt uttrykk

TORKIL SANDSUND

Dekormålar

CHARLOTTE RINTLER

Medverkande

KYRRE EIKÅS OTTERSEN

HELSING FRÅ REGISSØREN

Tek du ei køyretur langs norske bygdevegar, og har auga med deg, ser du kvifor det har vore viktig å få fram denne saga. Ei søge om nedbygging av småbruk, bygdeindustri, småskular og butikkar, ei søge om ei folkeflytting frå utkantane inn mot byane som har pågått i 70 år.

Framsyinga var laga i samband med Bondelaget sitt 125 års-jubileum i 2021 og difor er fokuset på Bondelaget sterkt. Andre ansvarlege for utviklinga, får noko mindre fokus, utan at det frittek dei for ansvar. Dette er landbruket og bygdene si historie, fortalt frå taparane sin synsstad. Bondelaget var stifta med mål om levande bygder, der alle som kjende seg knytte til bondeyrket skulle kunne leve godt, kulturelt, økonomisk og sosialt. Idealet var gode liv og gode heimar og å vri gullkorn ut av Noregs fattige jord, gjennom arbeid. Dette stykket ynskjer å ta publikum med på ei reise gjennom skiftande ideologiar frå Johan E. Mellbye si tid fram mot i dag.

Dei største slaga i stykket står på 70-talet - der mange byrja ta til orde mot omfanget av bruksnedlegging og konsekvensane for bygder og bønder. Storting, regjering og småbønder formulerte mål om å bremse strukturrasjonaliseringa. Likevel gjekk det ikkje.

I 2021 fekk vi for første gong - sidan Hitraaksjonen i 1975 - eit bondeopprør utanfor fagлага: Bondeopprør 2021. Det landbruket som reiste seg på Hitra finst knapt lenger - no er det dei som var storbønder då, som står ved stupet. Fagлага skulle kjempe for alle bønder og bygder sin rettar og vilkår.

I kva grad har organisasjonane lukkast med å representere medlemmene sine? Kva dilemmaer kan dei ha stått i, når dei har tillette ei så stor ombygging av norsk



landbruk og nedbygging av bygdenoreg, på tross av stortingets overordna mål og eigne vedtekter?

Og korleis grip du det an, om du ser at organisasjonen din kanskje forhold seg til andre herrar og målsettingar, enn det som vedtektene skulle tilseie?

Helge Bergo kjempa for å få ein diskusjon om konsekvensen av den førte landbrukspolitikk, og han hadde henta sine ideal frå Bondelaget før krigen. Han skildrar det store Bondetinget på Voss i 1939, der han som 16 åring hørde Bondehøvdningen Johan E. Mellbye uttale at "ei bonderørsle med berre materielle krav, ber daudspira i seg». Helge Bergo står i ein tradisjon frå Hans Nielsen Hauge, motoren er ærlegdom og opplysning og han våga konfrontere dei mektige organisasjonane. Han var ein varslar, som kjende seg svarta og utstøytt, men kjempa vidare. I 2014 fekk eg gleda av å møte han. "Dette er over for min del", sa han, men om vi kunne bruke noko av dette han hadde fortalt, stod eg fritt til det. Helge gjekk bort i juni 2019.

Eg vil få rette ein takk til familien til Bergo, som har lete oss ta tak i denne historia, og alle andre som har brukt av si tid til å hjelpe oss å finne dei ulike stemmene og synspunkta som stykket ber i seg. Manusset til denne oppsettinga vart til i løpet av prøveperioden i nært samarbeid med skodespelar Kyrre Eikås Ottersen.

Torkil Sandsund
Regissør og dramatikar

Helge Bergo (1923-2019)

Tidligere styremedlem i Norsk Bonde og Småbrukarlag, men mest kjend i samband med Hitraopprøret og Aksjon Bygde-Norge. Ein markant skikkelse i norsk landbruksdebatt.

Sigmund Borgan (1920-2004)

Professor i landbruksøkonomi ved Norges Landbrukshøgskole i Ås.

Paul M. Dalberg (1914-2002)

Generalsekretær i Noregs Bondelag på 70-talet.

Jan E. Mellbye (1913-2009)

Norsk gardbrukar, organisasjonsmann og polititar. Han var formann i Norges Bondelag fra 1969-1974. Han vaks opp på storgarden Grefsheim på Nes som son av Johan E. Mellbye og hustru Emelie Petterson.

Odd Mjølhus

Leiar av organisasjonsavdelinga i Norges Bondelag kring 1970.

Einar Gerhardsen (1897-1987)

Tidligere statsminister for Arbeidarpartiet og landsfader. Ein av hovudarkitektane bak den norske velferdsstaten.

Johan E. Mellbye (1866-1954)

Norsk gardbrukar og polititar. Tidl. statsråd i Landbruksdepartementet for Høgre, 1904-1905, og første formann for Bondepartiet (Senterpartiet), 1920-1921. Seinare stortingsrepresentant for Hedmark og parlamentarisk leiar for Bondepartiet, 1922-1930. Styreleiar Noregs Bondelag 1901-1904 og 1909-1941.

Arne Rostad (1894-1969)

Gardbrukar, organisasjonsleiar og polititar frå Verdal. Formann i Meierienes Arbeidsgiverforening 1937-69 og i Landbrukets Arbeidsgiverforeninger frå 1950-69. Formann Noregs Bondelag 1945-51.

Hallvard Eika (1929-1989)

Formann i Noregs Bondelag frå 1955-1966.

Oskar Øksnes (1921-1999)

Landbruksminister 1976-1981.

Skodespelar Kyrre Eikås Ottersen står åleine på scena i «Bondetinget». Han gestaltar eit tjuetals personar – på dialektene deira.

Per Harald Grue (1943-)

Landbruksdirektør/departementsråd i Landbruks- og matdepartementet 1980-2009.

Hergunn Hansen

Bonde på Hitra på 70-talet og initiativtakar til Hitra-aksjonen 1975.

Sverre Hansen

Bonde på Hitra på 70-talet og initiativtakar til Hitra-aksjonen 1975.

Leif Eriksen

Bonde på Hitra og medlem i aksjonsleiinga på Hitra i 1975.

Arnfinn Aune

Bonde på Hitra og medlem i aksjonsleiinga på Hitra i 1975.

Berge Furre (1937-2016)

Politikar, historikar og teolog. Stortingsrepresentant for Sosialistisk Venstreparti (SV) frå 1973 til 1977 og leiar for SV frå 1976 til 1983.

Thomas Wyller (1922-2012) Norsk statsvitar.

Amund Venger (1943-2013)

Agronom og politiker (Senterpartiet).
Generalsekretær Norges Bondelag 1988–1995.

Jørgen Kosmo (1947–2017)

Politikar (Arbeidarpartiet) og stortingspresident.
Riksrevisor 2005-2013.


I tillegg dukkar det opp nokre anonyme bønder i stykket.

HELGE BERGO

Helge Bergo var gardbruker på den flotte garden Bergo ved vannet og fossen med samme navn i Eksingedalen, Hordaland. Helge var en organisasjons- og folkeopplysningsmann. Teaterstykket Bondetinget er et viktig bidrag i denne tradisjonen.

Han fikk jordbrukspraksis hos dyktige gardbrukere både på Jæren og i Lier under andre verdenskrig. Helge sitt ønske var å gå på Norges Landbrukshøgskole. Men ved årsskiftet 1945/1946 reiste Helge hjem til Bergo, for som han sa: «Jeg kunne ikke la det gå. Far var utslitt. Han hadde arbeidet for mye.» Helge var gardbruker på Bergo fra 1947 når han var 24 år. Allerede i 1949 fikk han Bondelagets diplom for medlemsverving.

I 1956/1957 emigrerte han til Canada og opplevde et annet liv med jordbruk og gruvedrift. Arbeidserfaringene under disse forholdene preget Helge resten av livet. Hørselen ble også svekket.



Helge Bergo som ung. Fotoa er trykt med tillating frå familien.

I mai 1964 var han tilbake i Eksingedalen sammen med Karen. Helge var av folk som visste hvor mye arbeid som må utføres på en gard for å gjøre den bedre til neste generasjon. Uten stort eget økonomisk utbytte. Kanskje tvert imot – en blei kroppslig utslitt.

Det var denne sterke gardbrukeren som møtte som utsending på årsmøtet i Norges Bondelag i Kristiansand i 1970. Der fikk han klar beskjed fra lederen i organisasjonsavdelingen, Odd Mjølhus: «Bondelaget sin politikk må være å få brukstallet ned snarest råd – skal vi si til 40.000 bruk – som et foreløpig mål.» Helge var realist og forstod at han hadde verva medlemmer på sviktende grunnlag. På årsmøtet i Hordaland Bondelag i Øystese i 1971 hadde formann Jan E. Mellbye foredrag om omfattende strukturendringer i jordbruket. Helge spurte om laget ikke måtte drøfte konsekvensene av at titusensvis av gardsbruk skulle ofres og derved forlate en 1000 år gammel bondetradisjon. Dette måtte også være et etisk og moralsk spørsmål. Mellbye svarte lavmælt at dette var en smertefull prosess for bøndene. Det blei stille etter den rolige ordvekslinga mellom Mellbye og Bergo. Helge pakka sakene sine og reiste hjem under møtet, og sa til seg sjø; aldri mer. Nå skulle han arbeide for huslyd og heimegarden.

I 1974 var Jan E. Mellbye gjest på landsmøtet til Norsk Bonde- og Småbrukarlag (NBS) hvor Bergo nå representerte Hordaland Bonde- og Småbrukarlag. Der traff Bergo Mellbye i vestibylen på hotellet ved midnatt. Etter en god prat sa Mellbye: «Takk for at du ville snakke med meg.» Helge spurte seg sjø ofte hva Mellbye mente med det. Han som var sønn av den gamle bondelagsformannen inntil 1941, Johan E. Mellbye. Mannen som bygde opp samhold mellom norske bønder – et samhold som nå blei systematisk brutt ned.

Debatten om medlemskap i EEC i 1972, verdens matvarekonferanse i Roma og oljekrisa i 1974 førte til en ny offensiv debatt om jordbrukets framtid. Dette sammen med Hitra-aksjonen i 1975 skapte en grønn bølge. Helge var blant de mest sentrale på Hitra sammen med professor Sigmund Borgan og fylkesleder i Nord-Trøndelag Bondelag Johannes Okkenhaug. Aksjonen blei avslutta med overskrifta: Stopp strukturrasjonaliseringa!

Helge reiste rundt i landet – mye for knappe egne økonomiske midler – og

besøkte folk der de bodde og arbeidet. Hans erfaring og budskap kjente folk seg igjen i. Det var folkelig, men med en klar analyse. Helge erfarte hva som var den viktigste drivkraften. Nemlig den indre motivasjonen for å gjøre garden bedre for neste generasjon. Organisasjonene i landbruket skulle så fremme dette gjennom samling om felles sak. Bygge jordbruket på plogkjøl og ikke skipskjøl. Styrke matvareberedskapen på norske jordbruksarealer. Jordbrukets folk skulle ikke splittes ved at noen blei definert som avviklingsbønder.

I 1978 kom Gjermund Haga – seinere generalsekretær i NBS – med den viktige debattboka; Avviklingsbonden og hans representanter. Helge Bergo spilte en nøkkelrolle sammen med Lars Romtveit i den organisatoriske og politiske endring som skjedde i NBS i 1980/1981. Deres bragd var endring gjennom å bygge allianser uten at laget blei sprengt.

Helge var styremedlem i NBS fra 1981 til 1991. Det var ikke striden mellom store og små gardbrukere som var viktigst for Helge, sjøl om sikring av de små var avgjørende for hans helhetssyn. Framtidas driftsmåter i jordbruket var viktigst. Driftsmåter som ivaretok matvaresikkerheten, fruktbarheten i jorda, dyrevelferd, rimelig inntekt for jordbruksarbeid og som medvirka til attraktive bygdesamfunn for ungdom. Kunstgjødsel var for Helge et nødvendig supplement – men ikke som erstatning for jord og beitearealer.

Han så lenger enn til Norge. Han skrytete ikke av Norge og norsk jordbruk. Gjennom vervet som styremedlem i Landbrukets utbyggingsfond besøkte han Sveits og Østerrike. Land rundt Alpene som han hadde stor interesse for. Der var det en større bevissthet for utvikling av et moderne jordbruk med respekt for natur, kultur og tilpasning av ny teknologi til stedets geografiske og strukturelle forutsetninger. Dette skjedde ofte gjennom mangesysleri – slik også tradisjonen er i Norge. Vi som fikk arbeide sammen med Helge i organisasjonslivet er så takknemlige for at familien; Karen, Liv Anne, Knut og Aksel makta den store belastningen det var å ha en mann og far som ofra så mye tid og penger på uegennyttig innsats for et solidarisk jordbruk.

Etter min erfaring er det ingen jordbruksleder som stod så støtt for et solidarisk jordbruk som Helge Bergo i en mannsalder fra om lag 1970.

La oss håpe at flere ungdommer kan finne kunnskap i hans arbeid og to bøker: Norsk jordbruk – en økonomisk slagmark og Avvikling av den norske bonden.

Tidene vil skifte og Helge Bergo sitt livsverk i norsk organisasjonsliv vil sikkert bli mer verdsatt.

Per Olaf Lundeteigen

*Gardburker, tidligere leder i NBS,
Stortigsrepresentant SP*

LANDBRUKET SITT STAMMESPRÅK

FAGLAGA

Eit samleomgrep for Norges Bondelag og Norsk Bonde og småbrukarlag, fagorganisasjonane som organiserer bøndene. Bondelaget vart stifta i 1896 og har i dag drygt 60 000 medlemmer, fordelte på aktive produsentar og bruks-, hustands- og æresmedlemmer. NBS vart stifta i 1913 under namnet Norsk Småbrukerforbund og tel i dag kring 7000 medlemmer. Dei har tradisjonelt hatt litt ulike interesser men har begge rett til å forhandle med staten om landbrukets vilkår gjennom Hovudavtalen.

JORDBRUKSAVTALEN ELLER HOVUDAVTALEN

Inngått mellom faglaga og staten i 1950. Det var i utgangspunktet ein avtale der bøndene gjennom faglaga kunne forhandle med staten om prisar. Om prisane vart for låge, kompenserte staten bøndene med subsidiar. Forhandlingsinstituttet (under landbruksdepartementet) har ansvar for forhandlingane. Avtalen har til formål å regulere dei tiltaka som er eigna for å oppnå dei måla som er fastlagde for jordbruket. Jordbruksforhandlingane har fått stadig fleire oppgåver og har vakse til det ein kan kalle jordbruksavtalesystemet eller berre avtalesystemet.

SAMVIRKE

Ei organisasjonsform av private bedrifter som skal sørge for at dei som driv eller drar nytte av ho (medlemmene) også tar ut gevinstane. Landbrukssamvirka sørger for at medlemmene står sterkare i marknaden, sikrar tilgang og ein best mogleg pris for produkta. Dei bondeieige samvirkeføretaka i Noreg har ein felles overbygning i Norsk Landbrukssamvirke. Til dømes TINE SA, Nortura SA og Felleskjøpet SA. I stykket vert samvirka også omtala som dei økonomiske organisasjonane. Samvirka og Bondelaget har vore tett samanvevde lenge, og samvirka er representerte i alle viktige organ i Bondelaget. I den seinare tid gjeld dette også for SBN. Fleire av samvirka har marknadsreguleringsansvar - ansvar for å unngå overproduksjon.

OVERPRODUKSJON

Blir det produsert for mykje av ei vare, til dømes kjøtt eller mjølk, vert marknaden metta og prisane fell. Kjem ein i overproduksjon, er det ingen politiske verkemiddel som hjelper anna enn å dumpe varer på verdsmarknaden, eller slakte ned dyr og legge ned føretak.

STRUKTURRASJONALISERING

Forandringar i strukturen i ein bransje for å oppnå høgare effektivitet og ein konsentrasjon av produksjonen, til dømes ved samanslutning av føretak. Dette er ein politikk som legg opp til at det skal bli større og færre gardsbruk. Rasjonalisering i jordbruket har medført store demografiske endringar i Norge.

JAMSTILLING

Eit mål om at inntektene i jordbruket skal opp på nivå med industrien. Bondelaget byrja arbeidet med Jamstillingsmålsettinga i 1937, og den vart vedteken i stortinget i 1947. Innhaldet har endra seg gjennom tida. I st.meld. nr. 64, vedteken i 1965, vart ordlyden endra til at jamstilling berre skulle gjelde «gardsbruk som er store nok til å gi fulltids sysselsetting for en voksen, øvet person hele året på eit tidsmessig og rasjonelt drevet bruk». Enno er ikkje jamstilling noko den jamne bonde har sett i praksis.

OPPTRAPPINGSVEDTAKET

Målsettinga om jamstilling nådde eit høgdepunkt med «Opptrappingsvedtaket», som vart formulert og vedteke i desember 1975. Her vart det fastslått at ei likestilling mellom bondens og industriarbeidarens lønn skulle oppnåast innan tre avtaleperiodar. Vedtaket vart nedfelt i st.meld. nr. 14 (1976-1977) og omfattande tiltak vart sette i verk; det vart optimisme og inntektsvekst i næringa - i nokre år. Frå 1982 vart næringa prega av overproduksjon, prisfall og økonomisk tilbakeslag. Frå midten av 1980-talet sakka bøndene si inntekt igjen akterut.

KJELDER

Stykket er basert på samtalar med Helge Bergo våren 2014, samt ei dramatisering av delar av bøkene hans

“Norsk jordbruk - ei økonomisk slagmark” (Samlaget 1976)

“Avviklinga av den norske bonden” (Vestlandsforlaget - Berthelsen 2005)

Regissør Torkil Sandsund og skodespear Kyrre Eikås Ottersen har hatt stor glede av samtalar med ulike bønder som har delt historiene sine. Ein takk går òg til Noregs Bondelag, Sogn og Fjordane Bondelag og Hordaland Bondelag for å ha vore behjelpelege med kjeldearbeidet

Talane i stykket er redigerte, men er henta direkte frå reelle talar:
Johan E. Mellbye: Eit ord for dagen, tale ved bygdemøte 7. februar 1925, Oslo

Festskrift i høve Johan E. Mellbye sin 80-årsdag.

Arne Rostad: Helsing i samband med 50 årsjubileet for Bondelaget 1946

Hallvard Eika: Ein milepæl - tale frå 60-årsjubileet til Bondelaget 1956

Jan E. Mellbye: Målsettinger og virkemidler i norsk jordbruk i 70-årene

Samt tale på årsmøte i 1970, også basert på protokollen frå årsmøtet i Hordaland Bondelag 1971.

Viktig litteratur:

Ottar Brox: “Norsk Landbruk: Utvikling eller Avvikling?” (Pax 1969)

Per Harald Grue: “Norsk landbrukspolitikk 1970 – 2010”, I – II (NILF 2014)

Brynjulf Gjerdåker: “Hundre år for Bygd og Bonde 1896- 1996” (Landbruksforlaget 1995)

«Bygd og bonde - Norges Bondelag 75 år» (Norges Bondelag 1975)

Samtalane mellom Per Harald Grue og Paul M. Dalberg er henta frå

NOU 1974:26 Støtteordninger i landbruket / Øksneskomiteens innstilling

Delen om Hitra er i stor grad henta frå Helge Bergo si bok “Norsk jordbruk - ei økonomisk slagmark” (Samlaget 1976) samt “Et Bondeopprør 25 år etter” av V. Udseth og P. E. Waage (Waage PROPIUM forlag 2000)

Tekstane om opptrappingsvedtaket er henta frå St.meld.nr. 14 (1976-77) Samt NRK Radio 1975-11-09, Inntektstfordelinga mellom bøndene.

Jordbruksforhandlingane 1976 er omtalte i boka til Trygve Kaldahl, “Jordbruksforhandlinger og Landbrukspolitikk 1950-1980”

Intervjua av Paul M. Dalberg er gjort av Gjermund Haga i 1977 og er henta frå boka “Avviklingsbonden og hans representater: 30 års forspel til Hitraaksjonen” (Cultura, 1977) av Gjermund Haga

Amund Venger sitt brev til stortingets presidentskap 6. april 2008 “Riksrevisjonens undersøkelse av måloppnåelse og styring”, Jørgen Kosmo 2010

Andre kjelder:

Songhefte Norges Bondelag

Lover for Norges Bondelag

Hovedavtalen for Jordbruket

St.meld. Nr. 64 (1963-64)

Årsmelding Hordaland Bondelag 1971

St.meld. nr. 14 (1976-77)

Referat frå Stortingsdebatt, 6. juni: Lov om nemdshandsaming ved jordbruksoppj. 1978

Bondelagets årsrapport 2020

Jordbruksavtalen 2020- 2021

Statens tilbud 2021

Jordbrukets krav til ramme og fordeling 2021,

Jordbrukets forhandlingsutvalg 2021

Innovasjon Norge - policy og retningslinjer for landbruksvirkemidler 2019

SSB

Agri analyse - politikerundersøkelsen 2017

Lovdata - Lov om Landbruk

“Mellom Bakkar og Kjøttberg” av Sverre Arne Lie

Verdal	05. nov kl 19	Røyrvik	16. nov kl 19	Ørland	29. nov kl 19
Steinkjer	09. nov kl 19	Selbu	19. nov kl 19	Åfjord	30. nov kl 19
Flatanger	10. nov kl 19	Røros	20. nov kl 19	Fosen	01. des kl 19
Namsos	11. nov kl 19	Oppdal	21. nov kl 19	Orkland	02. des kl 19
Nærøysund	12. nov kl 19	Midtre Gauldal	22. nov kl 19	Frøya	04. des kl 19
Leka	13. nov kl 19	Stjørdal	23. nov kl 19		
Grong	15. nov kl 19	Malvik	24. nov kl 19		



TURNÉTEATRET I TRØNDELAG

ET UNGT OG VITALT TEATER

Turnéteatret i Trøndelag har siden den spede starten i 1983 utviklet seg til å bli en viktig leverandør av teateropplevelser der folk bor.

Med base i Teaterhuset på Verdal produserer vi teaterforestillinger som spilles for publikum i hele Trøndelag. Vi reiser fra sted til sted og forfører, begeistrer, provoserer og underholder. Vi gir publikum store opplevelser som beveger.

Turnéteatret i Trøndelag er heleid av Trøndelag Fylkeskommune. I forbindelse med fylkessammenslåingen endret teatret navn fra Nord-Trøndelag Teater til Turnéteatret i Trøndelag, og turnerer nå i hele Trøndelag.